



Geir Helge Vik
Jacob Kjødes Veg 26a
5232 PARADIS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8499 - 21/66965

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
07.10.2021

Vedtak om pålegg for fjerning av båt ved Lindås brygge og varsel om tvangsmulkt - gbnr 108/515

Saka gjeld

Alver kommune er gjort kjent med at ein båt du har eigarskap til gjekk ned ved Lindås Brygge 30.09.2021. Båten som var fortøydd der, ligg no nedsenka.

Med heimel i forureiningslova § 37, jf. § 28 pålegg Alver kommune deg å fjerne båten som ligg nedsenka ved Lindås Brygge. Frist for fjerning av båten er sett til 28.10.2021. Dokumentasjon som viser at båten er heva må sendast kommunen.

Med heimel i forureiningslova § 73 vert du varsla om at kommunen kan skrive ut tvangsmulkt dersom båten ikkje er fjerna innan fristen.

Grunngjeving for vedtaket

Det følgjer av forureiningslova § 28 1.ledd at «ingen må tømme, etterlate, oppbevare eller transportere avfall slik at det kan virke skjemmande eller være til skade eller ulempe for miljøet.»

Senking av båten er i strid med forureiningslova § 28. Slik båten ligg no er den til hinder for eigar av brygga og det er fare for lekkasje av olje og drivstoff.

Etter forureiningslova § 37 2.ledd har kommunen følgjande heimel «Forurensningsmyndigheten kan også gi pålegg om opprydding og fjerning til den som var eier av motorkjøretøy, skip, fly eller annen liknende større gjenstand, da det ble etterlatt i strid med § 28 eller som er eier når pålegget gis.

På bakgrunn av dette krev Alver kommunen at du fjernar båten innan 28.10.2021.

Krav om fjerning av båt er ikkje varsla etter forvaltningslova § 16. Kommunen finn at pålegget kan unnlatast varsling på grunn av faren for forureining, jf. fvl. § 16.

Hva skjer om du ikkje fjernar båten?

Dersom du ikkje fjernar båten kan kommunen sørge for fjerning av båten på eigar si rekning, jf. forureiningslova § 74 1.ledd. Kommunen vil og krevje dekkad kostnadene som har vore i tilknytning til den akutte forureininga.

Alternativt kan kommunen ilegge tvangsmulkt fram til båten er fjerna. Med heimel i forureiningslova § 73 varslar Alver kommune om at vi vil ilegge tvangsmulkt dersom båten ikkje er fjerna innan 28.10.2021.

Rettt til å gje uttale

Har du kommentarar til pålegget kan det sendast til Alver kommune innan to veker etter at varselet er motteke, jf. forvaltningslova § 16.

Tilbakemelding

Når fjeringa er utført må det sendast inn dokumentasjon for utført arbeid.

Dokumentasjon og bilete sendast til:

- E-post: post@alver.kommune.no
- Brev: Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikta til å unngå forureining følgjer av forurensingslova § 7.
- Forbod mot å tømme, etterlate, oppbevare eller transportere avfall følgjer av forurensingslova § 28.
- Kommunens rett til å pålegge den ansvarlige å fjerne båtvrak følgjer av forurensingsloven § 37.
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forurensingslova §§ 78 og 79.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3 tredje ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Dersom du har spørsmål til saka, kan de ta kontakt med sakshandsamar på telefon 56171449 eller på e-post.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/8499

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Vedlegg:

Resized_20210930_1317271001

Resized_20210930_1317231001

Resized_20210930_1317131

Kopi til:

Geir Helge Vik

Grønnfjellet 67

5955

LINDÅS

Mottakarar:

Geir Helge Vik

Jacob Kjødes Veg 26a

5232

PARADIS